

# PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE VEST RHF

**STAD:** Haukeland universitetssjukehus, Bikuben, møterom Finstuen, Bergen

**MØTETIDSPUNKT:** 02.11. 2022, Kl. 0815 - 1600

**Styremøte var ope for publikum og presse**

---

## Deltakarar frå styret

Agnes Landstad	Styreleiar
Olin Johanne Henden	Nestleiar
Anne Karin Hamre	Medlem
Oddvar Kaarbøe	Medlem
Solfrid Borge	Medlem
Gunnar Berge	Medlem
Tord Anton Haaland	Medlem
Egil Olsen	Medlem
Wenche Kristin Røkenes	Medlem
Marie Skontorp	Medlem
Jan Oddvard Gjerde	Observatør

## Deltakarar frå administrasjonen

Inger Cathrine Bryne, administrerande direktør  
Per Karlsen, økonomi- og finansdirektør  
Ivar Eriksen, eigardirektør  
Hilde Christiansen, direktør medarbeidar,  
organisasjon og teknologi  
Erik M. Hansen, e-helse direktør  
Bjørn Egil Vikse, fagdirektør  
Torunn Nilsen, styresekretær

**Før styremøtet var det fellesmøte og synfaring for styra i Helse Vest RHF og Helse Bergen HF med følgjande program:**

- Velkommen v/styreleiar
- Brukarpanelet Kvinneklinikken v/brukarrepresentantar
- Kvinnehelse – utfordringar og utvikling innan gynekologien v/Agnethe Lund
- Fødselsomsorg v/Martha Vadset
- Kvinnehelse og forsking v/Helga Bergljot Midtbø
- Tilbodet i Glasblokkene v/Eivind Hansen
- Synfaring i Glasblokkene

**Sak 101/22 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**Dagsorden:**

Styreleiar orienterte om at styremøtet var ope for publikum og presse.

**Forfall:**

Det var ingen forfall til møtet.

**Dokument som er ettersendt:**

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var ettersendt:

- Tidsplan for styremøtet

**Saker til eventuelt:**

Følgjande sak blei meldt til eventuelt:

- Styremøte i desember 2022 (AL)

**Vedtak (samrøystes)**

Innkalling og dagsorden blei godkjent.

**Sak 102/22 Godkjenning av protokoll frå styremøte i  
Helse Vest RHF 05.10.2022**

**Oppsummering**

Namneliste over deltaking på møtet blei oppdatert.

**Vedtak (samrøystes)**

Styret godkjente protokollen frå styremøte i Helse Vest RHF 05.10.2022.

## **Sak 103/22 Administrerande direktør si orientering**

### **1. Rapportering tilsynssaker**

Administrasjonen viste til utsendt notat.

Styret peika på viktigheita av at erfaringane frå Statens helsetilsyn i Helse Fonna «Bruk av IKT-system med legemiddelinformasjon» blir følgt opp i resten av regionen.

### **2. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav**

Administrasjonen viste til utsendt notat.

### **3. Oversikt over aktuelle høyringar**

Administrasjonen viste til utsendt notat.

### **4. Regionale planar under arbeid**

Administrasjonen viste til utsendt notat.

### **5. Status beredskap**

Det er etablert system for medisinsk behandling av flyktningar frå Ukraina i Norge.

Norge har sagt ja til å ta imot 550 personar frå Ukraina for medisinsk behandling.

Det er venta nye bølger av både pandemi og vanleg influensa utover hausten.

### **6. Oppfølging av tilsyna knytt til habilitering i helseføretaka**

Administrasjonen viste til utsendt notat. Styret ønskja ein oppdatering i juni på korleis det blir jobba regionalt og nasjonalt for å styrke dette fagmiljøet.

### **7. Openheitslova – oppfølging i Helse Vest**

Lova skal

- fremje verksemder sin respekt for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i samband med produksjon av varar og levering av tenestar
- sikre allmennheita tilgang til informasjon om korleis verksemder handterer negative konsekvensar for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold.

Tiltak i Helse Vest RHF

- Gjere greie for revisjonsutval/styret i Helse Vest RHF om gjennomføring i RHF-et, informasjonsplikt frå 1. juli 2022 og frist for offentleggjering av aktsemdunderingar 30. juni 2023.
- Utarbeide prosedyre: Samfunnsansvar i Helse Vest.
- Prosedyren skal gjere greie for prosess for aktsemdunderingar for å identifisere og handtere risiko som Helse Vest RHF påfører samfunn, menneske, miljø og klima.
- Etiske retningslinjer for Helse Vest er «stamma» i arbeidet med samfunnsansvar/ansvarleg verksemd.
- Avgrense ansvar mellom Helse Vest RHF og dei felles eigde helseføretaka.  
Gjeld særleg Sykehusinnkjøp HF og Sykehusbygg HF.
- Ta i bruk OECD sitt ansvarlegheitskompass som kartleggingsverktøy. Kartlegginga blir gjennomført av Helse Vest RHF team klima og miljø.
- Det blir utarbeidd ein funnliste frå kartlegginga med vurdering av risiko av dei områda som utpeikar seg på manglande etterleving, samt ein handlingsplan med risikoreduserande tiltak

## 8. Nasjonal anskaffing - Onkologi

Anskaffinga på Onkologi blei publisert våren 2022. Målt i økonomisk verdi er denne anskaffinga den største legemiddelanskaffinga Sykehusinnkjøp HF gjennomfører.

I etterkant av publisering av konkurransen, men før tilbodsfristen, mottok Sykehusinnkjøp HF tre klager frå tilbydarar. To av klagene omhandla hendingane relatert til enhetspriser.

KOFA (Klageorganet for offentlege anskaffingar) kom i begge to klagene fram til at anskaffinga må avlysast for dei delområda som KOFA-klagene gjeld.

Begge avgjørslene frå KOFA er kun av rådgivande art.

I etterkant av ein grundig vurderingsprosess, som både omfatta interne og eksterne vurderingar (her under ekstern juridiske råd), beslutta dei regionale helseføretaka den 11. oktober 2022 å tildele anskaffinga Onkologi til tross for KOFA sine råd.

## 9. Gjennomgang av konsekvensar av Statsbudsjett 2023

Administrasjonen orienterte om førebels konsekvensar i Økonomisk langtidsplan dersom Statsbudsjettet for 2023 blir som forslag. Det blir lagt frem eigen sak om dette i styremøtet i desember-22.

### Vedtak (samrøystes)

Styret tok meldingane til orientering.

## Sak 104/22 Rapportering frå verksemda per september 2022

### Oppsummering

Målekort Helse Vest - september 2022	Nasjonale	Denne periode		Hittil i år		Mål oppnåelse
	mål	Faktisk	Mål HV	Faktisk	Mål HV	
Kvalitet Ventetid - somatikk	60	71	50	65	50	
Ventetid - VOP	45	54	40	49	40	
Ventetid - BUP	40	62	35	56	35	
Ventetid - TSB	35	25	30	29	30	
Andel kontakter passert planlagt tid	15,20 %					
* Pakkeforløp kreft - andel behandlet innen standard forløpstid - alle behandlingsformer	77 %		75 %			
Korridorpasienter somatikk	2,00 %					
Aktivitet:		Tall i fior	Endring mot fjoråret		Tall i fior	Endring mot fjoråret
Somatikk Døgnopphold	14 764	14 275	3,4 %	121 895	120 252	1,4 %
Dagopphold	6 376	6 521	-2,2 %	48 798	48 538	0,5 %
Poliklinikk	125 571	124 762	0,6 %	990 108	989 901	0,0 %
Psykiatri Døgnopphold	873	812	7,5 %	7 600	7 425	2,4 %
Dagopphold	132	70	88,6 %	790	658	20,1 %
Poliklinikk	46 858	46 310	1,2 %	364 561	362 226	0,6 %
TSB Døgnopphold (ekskl. private)	146	109	33,9 %	1 081	1 105	-2,2 %
Dagopphold	4	1	300,0 %	15	14	7,1 %
Poliklinikk	7 821	8 515	-8,2 %	66 384	73 600	-9,8 %
Bemanning Brutto månedsverk	24 772	24 208	2,3 %	24 778	24 104	2,8 %
Sykefravær	5,5 %	7,0 %	7,5 %	8,6 %	7,5 %	
Økonomi Resultat	Regnskap 66 390	Budsjett 57 431	Avvik 8 959	Regnskap 62 699	Budsjett 498 877	Avvik -436 178

Som forventa har ventetidene gått ned sidan august, med unntak av somatikk som er uendra. Samla ventetider ligg framleis høgt, og per september er det berre tverrfagleg spesialisert rusbehandling Helse Vest når målet for.

Når det kjem til aktivitet, var det samla aktivitetsnivået nå i september høgare enn i same månad dei tre føregåande åra for somatikk. Både døgnbehandlinga og talet på polikliniske konsultasjonar er høgare i 2022 enn i 2021 for psykisk helsevern vaksne, men framleis lågare enn i 2019. Barn og unge med psykiske lidingar blir i hovudsak behandla poliklinisk, og til no i år er den polikliniske aktiviteten 16,1 % høgare enn i 2019, og 1,1 % høgare enn i 2021.

Prioriteringsregelen blei ikkje oppnådd innan TSB, medan den polikliniske aktivitetsveksten er høgare innan psykisk helsevern enn somatikken, når ein samanliknar den polikliniske aktiviteten i 2022 med 2021.

Føretaka har fortsatt utfordringar med økonomien, men forhold som relaterer seg til pandemien ser no ut til å ha bråte den negative kurva. Føretaka har derimot framleis negative budsjettavvik som relaterer seg til auke løns- og prisvekst, men i noko mindre grad enn føregåande månadar.

Situasjonen til helseføretaka er framleis krevjande, og det vil vere tett oppfølging og dialog både mellom leiinga i føretaka og Helse Vest, og styreleiarane utover hausten. Det er nødvendig for evna til å finansiere investeringar at føretaka forbetrar sine resultat. Det er derfor særsviktig å prioritere gjennomføringa av tiltak, og sikre god oversikt over økonomiske effektar som følgje av disse i tida framover.

Styret peika på vedtakspunkt 2 i sak 58/22 og forventar effekt av tiltaka som blir etablert i helseføretaka.

### **Vedtak (samrøystes)**

Styret tok rapporteringa frå verksemda per 30. september 2022 til etterretning.

### **Sak 105/22 Status frå Sykehusinnkjøp HF og rapportering av oppnådd gevinstpotensial på innkjøpsområdet**

Saka er utarbeidd av eit felleseid selskap og er difor ikkje på nynorsk.

### **Oppsummering**

Sykehusinnkjøp HF har som felleseid helseforetak som hovedformål å gjennomføre anskaffelser og merkantilt forvalte alle avtaler på vegne av spesialisthelsetjenesten. Status for Sykehusinnkjøp HF i forhold til organisering, nylig vedtatt målbilde og strategisk utvikling gitt av styrene i de regionale helseforetakene og Sykehusinnkjøp HF sitt arbeid med de mest

vesentlige selskapsspesifikke oppdragene for 2022 vil bli gitt styret som innledning til nedenstående rapportering av oppnådd gevinstpotensial på innkjøpsområdet. Sykehusinnkjøp HF har etablert en metodikk for beregning av gevinstpotensial i gjennomførte anskaffelser, og innarbeidet denne i foretakets arbeidsprosesser på anskaffelses- og avtaleforvaltningsområdet.

Samlet kan Sykehusinnkjøp HF per 01.10.2022 vise til et gevinstpotensial til foretakene i Helse Vest på MNOK 335 (9,2 %) på etablerte avtaler siste 12 måneder. Utelates legemiddelkategorien, som er en spesialkategori som har gitt stort gevinstpotensial i denne perioden, i rapporteringen, kan Sykehusinnkjøp HF per 01.10.2022 vise til et gevinstpotensial til foretakene i Helse Vest på MNOK 124 (5,6 %) på etablerte avtaler siste 12 måneder. Med tanke på økte transportpriser, høye energipriser, og råvaremangel på en del områder som vi står overfor både som etterdønninger etter Korona-pandemien og krig i Ukraina, har Sykehusinnkjøp hatt som målsetning å oppnå et gevinstpotensial på 6 % på avtaler etablert siste rullerende 12 måneder. Samlet anser derfor Sykehusinnkjøp HF at oppnådd gevinstpotensial for perioden er noe Helse Vest kan se seg fornøyd med.

Samtidig erfarer Sykehusinnkjøp HF at det fortsatt er ytterligere gevinstpotensial å hente ut knyttet både til ytterligere samordning på en del anskaffelsesområder, ytterligere spisset valg av konkurransestrategi og avtaleform, ytterligere profesjonalisere prosessene knyttet til implementering av avtaler, profesjonalisert avtaleforvaltning og korrekt bruk av avtalene. Sykehusinnkjøp HF vil fortsette arbeidet med synliggjøring av ikke uthentet gevinstpotensial.

### **Vedtak (samrøystes)**

Styret i Helse Vest RHF tok status fra Sykehusinnkjøp HF og rapportering av oppnådd gevinstpotensial på innkjøpsområdet til orientering.

### **Sak 106/22 Felles plan for IKT-utvikling og digitalisering 2022**

Saka er felles for alle 4 helseregionar og er difor ikkje på nynorsk.

### **Oppsummering**

Helse- og omsorgsdepartementet har siden 2017 bedt om en egen årlig rapportering på status for arbeidet med IKT-utvikling og digitalisering. Kravene til rapportering, som er gitt i foretaksprotokoll og oppdragsdokument, har vært noe ulike gjennom årene, og tilpasset situasjons- og utfordringsbildet.

Årets oppdrag ble gitt til de regionale helseforetakene, med en tilhørende tydelig plassering av ansvar til det enkelte regionale helseforetak. De fire RHF-ene har, som tidligere år, samarbeidet om et felles dokument for å svare ut oppdragene som er gitt. Arbeidet med felles dokument er ledet av Helse Sør-Øst RHF. Det har vært et godt samarbeid med Direktoratet for e-helse om innhold og planer som inngår i dokumentet.

### **Vedtak (samrøystes)**

Styret tok saka til orientering.

## **Sak 107/22 Leiinga sin gjennomgang 2022**

### **Oppsummering**

Helse Vest RHF har gjennomført Leiinga sin gjennomgang 2022.

Følgande område har blitt gjennomgått:

- Klima og miljø
- Kvalitet og pasienttryggleik
- Beredskap og sikkerheit
- HMS-området
- Informasjonssikkerhet og personvern
- Arkiv og dokumentasjon
- Økonomistyring

### **Vedtak (samrøystes)**

Styret tok Leiinga sin gjennomgang 2022 til orientering.

## **Sak 108/22 Val av og blant dei tilsette – oppnemning av medlemmer til valstyre for Helse Vest RHF**

### **Oppsummering**

Styret i Helse Vest RHF kan ha inntil ti medlemmer. Inntil sju medlemmer blir oppnemnd av føretaksmøtet. Føretaksmøtet utpeikar leiar og nestleiar.

I tillegg skal dei tilsette velje tre styremedlemmer med vara medlemmer jf. Føretaksmøtet 7. januar 2014. Med utgangspunkt i dei partsforhold som gjeld, deltek styremedlemmer som er vald av og blant dei tilsette ikkje i behandling av saker som gjeld arbeidsgivar si førebuing til forhandlingar, arbeidskonfliktar, rettstvistar med arbeidstakarorganisasjonar eller oppseiing av tariffavtaler.

Styremedlemmane blir oppnemnde for to år om gongen. Same funksjonstid gjeld for styremedlem vald av og blant dei tilsette. Siste val av styremedlemmer vald av og blant dei tilsette var per januar 2021.

### **Vedtak (samrøystes)**

Valstyret for Helse Vest RHF, for valet i 2023, skal ha følgjande medlemmer:

- Toril Østvold, konserntillitsvald for SAN, Helse Vest - leiar
- Oddvin Næsse, konserntillitsvald for YS, Helse Vest - nestleiar

- Bjørn Ivar Bø, rådgiver MOT, Helse Vest RHF

## Sak 109/22 Årleg fagspesifikk rapport om talet på eigne lærlingar og fagarbeidrarar i helseføretaka

### Oppsummering

Helse- og omsorgsdepartementet har i styringskrav bedt om at *talet på lærlingar i helsefagarbeidarfaget skal aukast samanlikna med 2021*. Denne saka er ein oppsummering av status i føretaksgruppa Helse Vest per august 2022.

**Totalt er det 222 eigne lærlingar** i føretaksgruppa Helse Vest per august 2022. Det er 3 færre enn ved førre måling i september 2021. I tillegg er det og samarbeidslærlingar innan helsefagarbeidarområdet frå kommunane i Helse Førde og praksiskandidatar for fagbrev i Helse Stavanger. Totalt er det 244 eigne lærlingar, samarbeidslærlingar frå andre kommunar og praksiskandidatar i føretaksgruppa Helse Vest per august 2022.  
Helseføretaka melder om stabilt opptak av lærlingar.

Status 2018 – 2022:

År	2018	2019	2020	2021	2022
Tal lærlingar	184	182	202	225	222

Det har vært 21 % auke i tal ordinære eigne lærlingar samanlikna med 2018.

Helseføretaka samarbeider godt om erfaringar, delar nyttig erfaring mellom seg. Det er og felles oppfølging av lærlingane i Kompetanseportalen på same måte som for legar i spesialisering.

### Vedtak (samrøystes)

Styret tok saka til orientering.

## Sak 110/22 Orientering frå det regionale brukarutvalet

### Oppsummering

Jan Oddvar Gjerde oppsummerte frå samling med alle brukarutvala i Helse Vest i oktober. På samlinga var fleire gode faglege tema og mellom anna fokus på organisering av brukarmedverknad i helseføretaka.

I november blir det møte med Regionale brukarutval i alle dei 4 RHF-a for å samordne innspel til Oppdragsdokument 2023.

Det har også vore møte mellom leiarar i alle RBU og RHF AD-ane der det var semje om å ha årlege kontaktmøte framover.

Det pågår nominasjonsprosessar for å etablere brukarutval i Sjukehusapoteka Vest HF:

### **Vedtak (samrøystes)**

Styret i Helse Vest RHF tok orienteringa frå det regionale brukarutvalet til orientering.

### **Eventuelt**

#### **Styremøte i desember 2022 (AL)**

Tidsramma for styremøtet i desember 2022 blir utvida som følgjer:

6. desember kl. 1630 – 1900

7. desember kl. 0900 – 1600

### **Skriv og meldingar**

Skriv 01 - Referat frå møte i Regionalt brukarutval i Helse Vest 28. september 2022

### **Vedtak (samrøystes)**

Styret tok skriv og meldingar til orientering.

Ref. 02.11.2022 Torunn Nilsen

Agnes Landstad Styreleiar

Olin Johanne Henden Nestleiar

Gunnar Berge Medlem

---

Anne Karin Hamre Medlem

Oddvar Kaarbøe Medlem

Solfrid Borge Medlem

Tord Anton Haaland Medlem

Wenche Kristin Røkenes Medlem

Marie Skontorp Medlem

Egil Olsen Medlem